

**Set musikk til Hauge**

04.03.2013

**Stig Nordbø Børsheim (52) frå Uskedalen, som eigentleg er fysioterapeut, spelar bokstaveleg tala på stadig fleire strengar. For eitt år sidan meldte vi at han var i gang med å sette tonar til tekstene til den irske lyrikaren James Joyce, No er han i ferd med å laga ny musikk til nokre av tekstane til Olav H. Hauge. For kort tid sidan fekk han grønt lys frå enkja Bodil Cappelen til prosjektet som går ut på utgjeving på CD med Børsheim sjølv på gitar og vokal.**

Uskedelingen kjenner seg knytt til Ulvik og Hauge fordi bestefaren var derifrå og fordi han har familie og kjende der. Han har også gjeve ut ein CD som heitte Hard Anger som var ei hylling til Hardanger med hans eige ord og tonar.

Om Haugeprosjektet seier han til Kvinnheringen at det er ein draum han har bore på lenge,

Børsheim som har budd i Oslo i 30 år er knytt til Oslo Teatersenter der han har utruleg mange og varierte oppgåver.

Av Ola Matti Mathisen